



Arkivfoto: Eirik Larsen.

Olaf Agnar Gausvik (f. 1942 ) frå Uskedalen kan syna til ein stor litterær produksjon, sakprosa, lyrikk, prologar, småvers og ikkje minst limerickar. I boka Det droplar og dryp, som kom ut i 2007, finn vi mange av tekstane hans. Seinare har skrivinga berre auka på. Boka GUSTAVEN og dei siste mohikanarane, biografien om Gustav Bergstø selde godt og kom i to opplag. No er alt å finna på internettsida [123/hjemmeside.no/GAUSVIK-skrivestove](http://123/hjemmeside.no/GAUSVIK-skrivestove). Diktet BARNDOMSMINNE er det nyaste innslaget i hefte Daltrekk og draum som er ei samling vers, dikt, songar og prologar til og om Uskedalen av Olaf Agnar Gausvik, Andreas A. Bjelland og Wilhelm Bjelland. Takk til Olaf Agnar som let uskedalen.no få bruka det nyskrivne diktet BARNDOMSMINNE som nyårshelsing.

### BARNDOMSMINNE

(Tone: Fields of Athenry)

Vil du bli med i ein song  
om gleda frå den gongen  
verda var vår barndoms grøne dal?  
Skal vi henta fram og sjå  
på den tida vi som små,  
hadde framtidsvon og fine ideal.

#### Refreng:

*Mi bygd, min barndoms store frygd!  
Her ber eg fram min song utan blygd.  
Eg kan hugsa eg var kjend  
på kvar gard og i kvar grend  
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.*

Som ei sirleg sølvsmidd snor

fann elva veg mot fjorden,  
framom gilde hus og gamle tun.  
Og når dagen leid mot kveld,  
vart vår himmel raud som eld  
heilt til natta kom så løyndomsfull og lun.

**Refreng:**

*Mi bygd, min barndoms store frygd!  
Her ber eg fram min song utan blygd.  
Eg kan hugsa eg var kjend  
på kvar gard og i kvar grend  
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.*

Men i sjøfok frå søraust  
og vind frå vest om hausten,  
lærde vi kva storm og uvêr var.  
Vi fekk age og respekt  
for vår arbeidssame slekt  
som så ivrig sette bu og rydja gard.

**Refreng:**

*Mi bygd, min barndoms store frygd!  
Her ber eg fram min song utan blygd.  
Eg kan hugsa eg var kjend  
på kvar gard og i kvar grend  
og hos godtfolk i mi barske barndomsbygd.*

Og når året var på hell,  
med sola gøymd bak fjella,  
venta vi på vinterfrost og snø,  
og på skeiser og på ski  
hadde vi ei signa tid  
på ei islagd elv, i bakkar og på bø.

**Refreng:**

*Mi bygd, min barndoms store frygd!  
Her ber eg fram min song utan blygd.  
Eg kan hugsa eg var kjend  
på kvar gard og i kvar grend  
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.*

Men vi lengta sårt kvart år  
så tålmodssamt mot våren.  
Vekt vart alt det skaparliv som sov,  
av ein var og venleg bris,  
som på mildt og vakkert vis  
gav oss kunnskap om naturens gamle lov.

**Refreng:**

*Mi bygd, min barndoms store frygd!  
Her ber eg fram min song utan blygd.  
Eg kan hugsa eg var kjend  
på kvar gard og i kvar grend  
og hos godtfolk i mi blide barndomsbygd.*

**Melodien kan de høyra med Dubliners [HER](#).**

**Ved å klikka dåke inn på nettsida [GAUSVIK-skrivestove](#) kan de lesa meir av alt det vakre frå forfatterskapet til Olaf Agnar Gausvik. Daltrekk og draum er ei samling vers, dikt, songar og prologar til og om Uskedalen. Barndomsminne er det siste som er kome med i denne samlinga.**

**Heimesida til GAUSVIK skrivestove har til no hatt meir enn 80.000 besøk. Viss du ikkje har vore innom, anbefaler vi sterkt eit besøk. Der er mykje vakkert å gleda seg over!**

Tekst: Olaf Agnar Gausvik/ Kristian Bringedal (ingressen)

Foto: Eirik Larsen  
Nett: Thor Inge Døssland